

**UNIVERSITETET I BERGEN**  
**DET MATEMATISK-NATURVITENSKAPELIGE FAKULTET**

---

**PROTOKOLL FRA MØTE I FAKULTETSSTYRET**  
**ONSDAG 23. MAI 2007**

kl. 09.30 i møterom 2018, Kjemisk institutt, Realfagbygget, 2. et.

---

**Til stede:**

Hans Petter Sejrup (dekanus)

**Gruppe A:**

Helge Ketil Dahle, Knut Børve

**Forfall:**

Arne Graue, Pinar Heggernes, Petter Larsson

**Gruppe B:**

Martin Fernø

**Forfall:**

Yngve Villanger

**Gruppe C:**

Heidi Espedal, Ole Tumyr (forlot møtet under orienteringssak c pga. sykdom)

**Gruppe D:**

Jon Andreas Hestad, Hege Holmedal

**Fra adm.:**

Kjell A. Sælen, Astrid Breivik, Hilde Lindtner, Rigmor Geithus, Kjell Trengereid

**I GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

Dekanus opplyste at orienteringssak c) Strategiutvalg for energi- og petroleumsrelatert forskning (SEPF) måtte utgå. Forskningsdirektør/professor Petter Bjørstad, Bergen Center for Computational Science (BCCS)/Institutt for informatikk, ville derfor orientere om status for bioinformatikk og tungregning.

Vedtak: Innkalling og saksliste ble godkjent med ovennevnte endring.

**II PROTOKOLL FRA MØTET 25. APRIL 2007**

Vedtak: Protokollen ble godkjent.

**III ORIENTERINGSSAKER**

**a) Tilsetningsrådet for forsker- og rekrutteringsstillinger**

Oversikt over saker behandlet hittil i 2007

**b) Kandidattall hittil i år**

48 doktorgrader i løpet av våren 2007 (1 mer enn i 2006)

29 mastergrader

**c) Strategiutvalg for energi- og petroleumsrelatert forskning (SEPF)**

Orienteringen utgikk.

**Bioinformatikk – tungregning**

Forskningsdirektør/professor Petter Bjørstad, Bergen Center for

Computational Science (BCCS)/Institutt for informatikk, orienterte.

- d) **Faglig helhet – organisatorisk mangfold**  
 Utvalgsinnstilling om forskningsorganisering ved Universitetet i Bergen, avgitt april 2007
- e) **Den økonomiske situasjonen ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet**  
 Notat, datert 4. mai 2007, til universitetsdirektøren fra fakultetsdirektøren
- f) [Regnskap pr. mars 2007](#)
- g) **Professor i matematikk (analyse) – innstilling for tilsetning uten forutgående kunngjøring**  
 Fakultetsstyret tok til orientering den utfyllende informasjonen fra instituttleder ved Matematisk institutt og viste til tidligere vedtak i møtet [21. februar 2007](#) (sak 17) om å innstille Irina Markina som professor i matematikk (analyse) uten forutgående kunngjøring.
- h) **Avansert vitenskapelig utstyr 2007, ekstraordinær utlysning**  
 Fakultetets brev av 26. april 2007 til Forskningsavdelingen
- i) **Budsjett 2008**  
 Kjell Trengereid opplyste at budsjetttrundskrivet, på bakgrunn av fakultetets erfaringer med knappe frister, i år er sendt til instituttene tidligere enn vanlig. Det er imidlertid tatt forbehold om at det kan bli endringer når budsjettskrivet fra universitetsdirektøren foreligger.

## 51 MØTEPLAN FOR HØSTSEMESTERET

Vedtak: Følgende møteplan ble vedtatt for høstsemesteret 2007:

onsdag 29. august  
 onsdag 12. september (budsjett)  
 onsdag 24. oktober  
 onsdag 28. november  
 onsdag 19. desember (tildeling)

## 52 PROFESSOR/FØRSTEAMANUENSIS I ANVENDT OG BEREGNINGS-ORIENTERT MATEMATIKK (RESERVOARMEKANIKK/INDUSTRIELL MATEMATIKK) – UTLYSING

Vedtak: Fakultetsstyret vedtok enstemmig, i samsvar med forslag fra Matematisk institutt, å lyse ut en stilling som professor/førsteamanuensis i anvendt og beregningsorientert matematikk (reservoarmekanikk/industriell matematikk).

Fakultetsstyret vedtok videre å godkjenne det fremlagte forslaget til stillingsomtale.

## 53 PROFESSOR II I MOLEKYLÆRBIOLOGI – TILSETTING UTEN UTLYSING

Vedtak: Fakultetsstyret vedtok enstemmig å godkjenne det fremlagte forslaget til stillingsomtale for en professor II-stilling i molekylærbiologi.

Fakultetsstyret vedtok videre enstemmig, i samsvar med instituttleders innstilling, å tilsette PhD **Manfred Scharl** som professor II i molekylærbiologi ved Molekylærbiologisk institutt for en periode på 3 år.

Tilsettingsdato fastsettes senere.

Tilsettingen kombineres med Scharlts hovedstilling som professor ved Universitat Wurzburg i Tyskland.

Det er en forutsetning for tilsettingen at fakultetet far en rammeoverforing fra UiB sentralt til a finansiere professor II-stillingen.

**54 FØRSTEAMANUENSIS I 20 % STILLING VED INSTITUTT FOR GEOVITENSKAP – TO STILLINGER (MARIN MIKROPALAEONTOLOGI/ PALEOSEANOGRAFI) – OPPNEVNING AV SAKKYNDIGKOMITE**

Vedtak: Fakultetsstyret vedtok enstemmig a godkjenne de fremlagte forslagene til stillingsomtale for to forsteamanuenser i 20 % stilling i henholdsvis marin mikropaleontologi og paleoseanografi.

Fakultetsstyret vedtok videre, i samsvar med forslag fra Institutt for geovitenskap, a oppnevne folgende sakkyndigkomite for a vurdere Carin Andersson Dahls kvalifikasjoner for stillingen i marin mikropaleontologi og Helga Flesche Kleivens kvalifikasjoner for stillingen i paleoseanografi:

Professor Haflidi Haflidason, Institutt for geovitenskap, Universitetet i Bergen, **leder**  
Professor William Helland-Hansen Institutt for geovitenskap, Universitetet i Bergen  
Forsteamanuensis Berit Hjelstuen, Institutt for geovitenskap, Universitetet i Bergen  
Professor Bjorg Stabell, Institutt for geofag, Universitetet i Oslo

**55 PROFESSOR II I ZOOPLANKTON/FERSKVANNSØKOLOGI – UTVIDELSE AV TIDLIGERE OPPNEVNT SAKKYNDIGKOMITE**  
(jf. sak 41/[25. april 2007](#))

Vedtak: Fakultetsstyret sluttet seg enstemmig til at den sakkyndige komiteen ble utvidet med et kvinnelig medlem pa dekanus' fullmakt og har dermed folgende sammensetning

Professor Per Johan Jakobsen, Institutt for biologi, Universitetet i Bergen, **leder**  
Professor Dag Hessen, Biologisk institutt, Universitetet i Oslo  
Professor Per-Arne Amundsen, Institutt for akvatisk biologi, Universitetet i Tromso  
Professor Anne Gro Veia Salvanes, Institutt for biologi, Universitetet i Bergen

**56 EVENTUELT**  
Ingen saker.

Bergen, 24. mai 2007  
HIL

Hans Petter Sejrup  
dekanus

Kjell A. Salen  
fakultetsdirektor



Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet																
Tilsetningsrådet for forsker- og rekrutteringsstillinger																
2007																
Kommer fra annen stilling ved UiB?																
Saks-	Antall	Kjønn	Indiv.	Fra	Tilsetningsperiode			Antall								
Sak	type	Uts.	Stilling	STN	Finans.-	Søknads-	Antall	Kjønn	Indiv.	Fra	Tilsetningsperiode	Antall				
					kilde	frist	søkere	m	k	tilsett.	Tilsatt	UiB	Fra	Til	Kjønn	tils.
					Institutt											
01	Tilsetting	20.03.07	Forsker		NFR/Bjerknessenteret	Geofysisk inst.				1	Jenkins, Alastair	ja	15.02.2007	31.12.2009	m	1
02	Tilsetting	22.02.07	Stipendiat		NFR	Geofysisk inst.	29.11.2006	6	2	4	Todorva, Angelina Segtnan, Ole	nei nei	Avtales		k m	1
03	Tilsetting	20.04.07	Stipendiat		NFR	Geofysisk inst./BCCR	01.03.2007	24	18	6	Pausata, Francesco S.R.	nei	Avtales		m	1
04	Tilsetting	20.04.07	Stipendiat		EU	Geofysisk inst./BCCR	01.03.2007	9	7	2	Born, Andreas	nei	Avtales		m	1
05	Tilsetting	16.03.07	Univ.stip.	5257	UiB	Geofysisk inst.	8.12.006	5	3	2	Olsen, Gunn Elisabeth	nei	Avtales		k	1
06	Tilsetting	30.05.07	Univ.stip.	5270	UiB	Geofysisk inst.	16.04.2007	3	2	1	Svendsen, Sturla Winger	nei	Avtales		m	1
07	Tilsetting	20.02.07	Forsker		NFR	Inst. for biologi				1	Finn, Roderick Nigel	ja	01.01.2007	31.12.2009	m	1
08	Tilsetting	22.02.07	Forsker		NFR	Inst. for biologi				1	Pettersen, Eirin Fausa	ja	01.05.2007	31.12.2007	k	1
09	Tilsetting	30.05.07	Forsker		NFR/Andre	Inst. for biologi				1	Jacobsen, Anita	ja	01.06.2007	31.12.2009	k	1
10	Tilsetting	31.05.07	Forsker 2 stillinger		NFR/UiB	Inst. for biologi	13.03.2007	4	1	3	Larsen, Aud Sandaa, Ruth Anne	ja ja	01.07.2007 01.07.2007	30.06.2009 30.06.2009	k k	2
11	Tilsetting	20.02.07	Postdoktor		EU	Inst. for biologi				1	Kramer-Schadt, Stephanie	nei	Avtales		k	1
12	Tilsetting	18.04.07	Stipendiat		NFR	Inst. for biologi	01.03.2007	5	4	1	Moberg, Olav	ja	Avtales		m	1
13	Tilsetting		Stipendiat		NFR	Inst. for biologi	01.03.2007	7	3	4	Espeland, Sølvi	nei	Avtales		k	1
14	Tilsetting	10.01.07	Univ.stip.	5260	UiB	Inst. for biologi	28.08.2006	16	8	8	Rodriguez, Nicolas Johan I	nei	Avtales		m	1
15	Tilsetting	10.01.07	Univ.stip.	0823	UiB	Inst. for biologi	01.08.2006	38	22	16	Moore, Lindsey	ja	Avtales		k	1
16	Tilsetting	16.04.07	Univ.stip.	5259	UiB	Inst. for biologi	05.02.2007	14	5	9	Høistad, Fride	nei	16.04.2007	15.04.2010	k	1
17	Tilsetting		Univ.stip.	0900	UiB	Inst. for biologi	28.04.2007	7	3	4	Töpper, Birte	nei	Avtales		k	1
18	Tilsetting	08.05.07	Stipendiat		NFR	Inst. for biologi/BCCR	01.03.2007	6	3	3	Aarnes, Ingelin	nei	01.06.2007	31.05.2010	k	1
19	Tilsetting	25.02.07	Postdoktor		NFR/UiB	Inst. for fysikk og tekn.	22.12.2006	3	2	1	Sætre, Camilla	nei	01.04.2007	31.03.2011	k	1
20	Tilsetting	25.02.07	Postdoktor		NFR/UiB	Inst. for fysikk og tekn.	01.10.2006	6	2	4	Sandaker, Heide	nei	Avtales		k	1
21	Tilsetting	30.03.07	Postdoktor		NFR/Andre	Inst. for fysikk og tekn.	20.02.2007	2	2		Miranda-Barbosa, Edesio	nei	16.04.2007	15.04.2010	m	1
22	Tilsetting	11.04.07	Postdoktor		NFR	Inst. for fysikk og tekn.	22.02.2007	2	2	1	Kanaki, Kalliopi	nei	Avtales		k	1
23	Tilsetting	20.03.07	Stipendiat		NFR/ConocoPhillips	Inst. for fysikk og tekn.	12.02.2007	1		1	Kivelä, Pilvi-Helinä Hannele	nei	01.04.2007	31.03.2010	k	1
24	Tilsetting	24.01.00	Stipendiat		NFR/Hydro/Chevron En	Inst. for fysikk og tekn.	20.02.2007	8	7	1	Baldakin, Boris	nei	Avtales		m	1
25	Tilsetting	20.02.07	Stipendiat 3 stillinger		NFR	Inst. for fysikk og tekn./ Kjemisk inst.	18.11.2006	22			Be, Alif Bolandtab'a, Saaed Fallah Baftani, Hamidreza Nasiri	nei nei nei	Avtales Avtales Avtales		m m m	3
26	Tilsetting	06.03.07	Forsker		Norsk Hydro	Inst. for geovitenskap				1	Hannisdal, Bjarte	ja	01.04.2007	31.12.2007	m	1
27	Tilsetting	04.06.07	Postdok/stip.	5242	UiB	Inst. for geovitenskap	08.01.2007	7	4	3	Zarifi, Zoya	nei	Avtales		k	1
28	Tilsetting	11.04.07	Postdoktor		NFR	Inst. for geovitenskap	13.03.2007	1		1	Zuhlsdorff, Christine	nei	Avtales		k	1
29	Tilsetting	16.04.07	Postdoktor		NFR	Inst. for geovitenskap	14.03.2007	1	1		Emmel, Benjamin	nei	01.07.2007	30.06.2010	m	1
30	Tilsetting	29.01.07	Stipendiat		NFR	Inst. for geovitenskap	Uten utlysning				Saberi, Mohammad Reza	nei	15.01.2007	14.01.2010	m	1
31	Tilsetting	16.02.07	Postdoktor	5129	UiB/sentralt	Inst. for geovitenskap Bjerknessenteret	Uten utlysning				Li, Camille	nei	01.02.2007	31.01.2004	k	1

Saks- Sak	type	Uts.	Stilling	STN	Finans.-		Søknads- frist	Antall søkere	Kjønn		Indiv. tilsett. Tilsatt	Fra UiB	Tilsetningsperiode			Antall tils.
					kilde	Institutt			m	k			Fra	Til	Kjønn	
32	Tilsetting	30.03.07	Univ.stip.	5261	UiB	Inst. for geovitenskap/ BCCR	15.02.2007	11	9	3	Sægrov, Aadne Vasskog, Kristian	nei	01.05.07 Avtales	30.04.2011	m	1

Sak	Saks- type	Uts.	Stilling	STN	Finans.- kilde	Institutt	Søknads- frist	Antall			Indiv. tilsett.	Tilsett	Fra UIB	Tilsettingsperiode			Antall tils.
								søkere	m	k				Fra	Til	Kjønn	
33	Tilsetting	06.03.07	Postdoktor		NFR	Inst. for informatikk	21.12.2006	4	3	1		Frimannslund, Lennart		Avtales		m	1
34	Tilsetting		Postdoktor		NFR	Inst. for informatikk	05.06.2007	1	1			Saurabh, Saket	nei	01.09.2007	31.08.2009	m	1
35	Tilsetting	20.02.07	Stipendiat		NFR	Inst. for informatikk	10.01.2007	1	1			Hovland, Dag	nei	Avtales		m	1
36	Tilsetting	16.03.07	Stipendiat		NFR	Inst. for informatikk	01.12.2006	19	16	3		Saure, Trond (tar ikke still.) Bryne, Jan Christian (tar ikke still) Prasad, Swati	nei	Avtales		m m k	1
37	Tilsetting	16.05.07	Stipendiat		NFR	Inst. for informatikk	10.04.2007	4	4			Hojsik, Michal	nei	Avtales		m	1
38	Tilsetting	22.02.07	Univ.stip.	5083	UiB	Inst. for informatikk	01.11.2006	6	6			Mohammadhassanzadeh, Seyed Mehdi	nei	Avtales		m	2
39	Tilsetting	24.01.07	Stipendiat		NFR	Inst. for informatikk/ BCCS	31.08.2007	65				Broemstrup, Torben	nei	04.01.2007	03.01.2010	m	1
40	Tilsetting	22.02.07	Forsker		NFR	Kjemisk inst.					1	Borgund, Anna Elisabeth	ja	19.02.2007	18.08.2008	k	1
41	Tilsetting	13.03.07	Forsker		NFR	Kjemisk inst.	15.02.2007	1	1			Abu-samha, Mahmoud	ja	13.03.2007	31.12.2007	m	1
42	Tilsetting	20.02.07	Stipendiat		NFR	Kjemisk inst.	20.12.2006	2	2			Vaular, Espen Nesheim	nei	15.01.2007	14.01.2010	m	1
43	Tilsetting	30.03.07	Univ.stip.	5236	UiB	Kjemisk inst.	08.12.2006	5	2	3		Crozier, Alan	nei	19.03.2007	18.03.2011	m	1
44	Tilsetting	22.02.07	Univ.stip. 2 stillinger	0793 2899	UiB	Kjemisk inst.	18.01.2007	4		4		Hauland, Toril Zahl, Maria Gundersen	nei nei	Avtales 15.02.2007	14.02.2011	k k	2
45	Tilsetting	30.05.07	Univ.stip.		UiB	Kjemisk inst./farmasi	01.12.2006	4		4		Katta, Shashikala Rani	nei	Avtales		k	1
46	Tilsetting	30.05.07	Univ.stip.	5268	UiB	Kjemisk inst./farmasi	28.03.2007	4	2	2		Katta, Shashikala Rani	nei	Avtales		k	1
47	Tilsetting	22.02.07	Stipendiat		NFR	Matematisk inst.	10.01.2007	5	5			Baygi, Ruhollah Moussavi	nei	Avtales		m	1
48	Tilsetting	06.03.07	Univ.stip.	0825	UiB	Matematisk inst.	18.02.2007	1	1			Lohne, Henning	nei	01.03.2007	28.02.2011	m	1
49	Tilsetting	13.03.07	Stipendiat		NFR	Matematisk inst./BCCS	05.01.2007	12	9	3		Selvikvåg, Kristine	nei	01.03.2007	28.02.2010	k	1
50	Tilsetting	25.02.07	Postdoktor Stipendiat		NFR	Matematisk inst./CIPR	18.11.2006	23				Feng, Tao Fahimuddin, Abul	nei nei	Avtales		m m	2
51	Tilsetting	18.04.07	Postdoktor		NFR	Molekylærbiol. inst.	15.01.2007	8	4	4		Guder, Corina	nei	Avtales		k	1
52	Tilsetting	20.04.07	Stipendiat		NFR	Sarssenteret	15.02.2007	16	10	6		Gupta, Puja	nei	Avtales		k	1

Saks- Sak	type	Uts.	Stilling	STN	Finans.- kilde	Institutt	Søknads- frist	Antall søkere	Kjønn		Indiv. tilsett.	Tilsatt	Fra UIB	Tilsettingsperiode		Antall tils.
									m	k				Fra	Til	
<b>Utlysinger</b>																
01	Utlysing	06.03.07	Univ.stip.	5270	UiB	Geofysisk inst.										
02	Utlysing	26.03.07	Univ.stip.	2141	UiB	Geofysisk inst.										
03	Utlysing	05.06.07	Univ.stip.	5130	BCCR/UiB	Geofysisk inst./BCCR	15.07.2007									
04	Utlysing	05.06.07	Univ.stip.	5131	BCCR/UiB	Geofysisk inst./BCCR	15.07.2007									
05	Utlysing	08.01.07	Univ.stip.	5259	NISL/UiB	Inst. for biologi										
06	Utlysing	20.03.07	Univ.stip.	5053	UiB	Inst. for biologi										
07	Utlysing	26.03.07	Univ.stip.	0900	UiB	Inst. for biologi										
08	Utlysing	02.02.07	Univ.stip.	0826	UiB	Inst. for biologi/NIFES										
09	Utlysing	05.06.07	Univ.stip.	5279	UiB/Mohn	Inst. for fysikk og tekn.	01.08.2007									
10	Utlysing	03.05.07	Stipendiat	0886	UiB	Inst. for geovitenskap	08.06.2007									
11	Utlysing	16.01.07	Univ.stip.	5261	UiB/SFF-midler	Inst. for geovitenskap Bjerknessenteret	15.02.2007									
12	Utlysing	24.04.07	Stipendiat 2 stillinger	5000 5083	UiB	Inst. for informatikk	10.06.2007									
13	Utlysing	24.04.07	Stipendiat 3 stillinger	5275 5276 2320	UiB	Inst. for informatikk	10.06.2007									
14	Utlysing	24.04.07	Stipendiat	0932	UiB	Kjemisk inst.										
15	Utlysing	29.05.07	Stipendiat	2321	UiB	Matematisk inst.										
16	Utlysing	22.02.07	Univ.stip.	5268	UiB	Senter for farmasi/Kjemisk inst.										
<b>Komiteer</b>																
01	Komite	02.02.07	Postdoktor	5242	UiB	Inst. for geovitenskap	05.01.2007	7	5	2						



Høgskulen i Bergen  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Høgskulen Stord/Haugesund  
Universitetet i Bergen

## Mangfald og samarbeid

Utgreiing frå ei prosjektgruppe

April 2007

Dei fire institusjonane som står bak denne utgreiinga er samde om å utvikle eit nærmare samarbeid. Dette skal skje innanfor eit nettverk, der kvar institusjon får høve til å vidareutvikle sine egne særtrekk og fortrinn.

Hovudutfordringa blir å finne og vidareutvikle arbeidsformer og rammer som gir eit godt grunnlag for samarbeid mellom institusjonane. Samarbeidet skal gje gevinstar både for institusjonane, for fagmiljø og for studentar.

## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Oppnemning av prosjektgruppe	3
1.3	Arbeidet i prosjektgruppa	4
<b>2</b>	<b>Oversikt over eksisterande samarbeid</b>	5
2.1	Samarbeidsformer	5
2.2	Utdanningssamarbeid	5
2.3	Forskarutdanning	6
2.4	Forskingssamarbeid	7
2.5	Samarbeid med regionale aktørar i nærings-og samfunnsliv	8
<b>3</b>	<b>Utvikling av samarbeidet</b>	10
3.1	Perspektiv for samarbeidet	10
3.2	Utdanningssamarbeid	11
3.2.1	Studentane	11
3.2.2	Samarbeid om studieprogram og undervisning	11
3.3	Samarbeid om forskarutdanning	12
3.4	Forskingssamarbeid	13
3.5	Samarbeid med regionale aktørar i nærings-og samfunnsliv	13
3.6	Internasjonalisering	14
3.7	Profilering av nettverket	15
<b>4</b>	<b>Økonomi</b>	15
4.1	Finansiering av utdanningssamarbeid	16
4.2	Finansiering av forskarutdanning	16
4.3	Insentivmidlar og prosjektstøtte	17
4.4	Samla budsjett	17
<b>5</b>	<b>Organisering</b>	18
5.1	Avtale og retningslinjer	18
5.2	Styre	18
5.3	Administrasjon	18
<b>6</b>	<b>Tilråding og oppsummering</b>	19
	<b>Vedlegg</b>	
	Vedlegg 1: Oversikt over nettverksinstitusjonane	21
	Vedlegg 2: Oversikt over samarbeid mellom nettverksinstitusjonane	25
	Vedlegg 3: Forslag til samarbeidsavtale	34
	Vedlegg 4: Forslag til utfyllande retningslinjer	35

# Mangfald og samarbeid

## *Utgreiing om nettverksamarbeid mellom Høgskulen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen Stord-Haugesund og Universitetet i Bergen*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Bakgrunn

Institusjonane innanfor høgare utdanning har dei siste åra drøfta organisering, institusjonsstatus og samarbeid med andre institusjonar. I 2006 sette regjeringa ned eit utval (Stjernøutvalet) som m.a. skal vurdere tiltak for å sikre at strukturen av universitet og høgskular byggjer opp under føremålet i universitets- og høgskulelova om at høgare utdanning, forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid ligg på eit høgt internasjonalt nivå. I samband med det er det drøfta samanslåing eller ulike former for samarbeid mellom universitet og høgskular.

Det har i lengre tid vore samarbeid mellom Universitetet i Bergen og høgskulane på Vestlandet og Sørlandet. Dette samarbeidet vart formalisert gjennom ein rammeavtale mellom ni institusjonar i 1995 og utvikla vidare i 2001 gjennom samarbeidsavtale om Vestnorsk Nettverk. Vestnorsk Nettverk – forskarutdanninga er ei konkretisering av samarbeidet på eit særleg viktig felt.

Innanfor Vestnorsk Nettverk har det skjedd endringar ved at Høgskulen i Stavanger fekk status som universitet i 2005. Samarbeidet gjennom nettverket er ikkje påverka av det, men i drøftingar om ei eventuell vidareutvikling av samarbeidet er det ulike interesser. Leiinga ved fire av institusjonane, Høgskulen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen Stord-Haugesund og Universitetet i Bergen, er blitt samde om å utgreie eit nærare samarbeid mellom desse institusjonane samstundes som samarbeidet gjennom Vestnorsk Nettverk held fram.

#### 1.2 Oppnemning av prosjektgruppe

Høgskulen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF), Høgskulen Stord-Haugesund (HSH) og Universitetet i Bergen (UiB) har som intensjon å utvikle eit sterkare samarbeid innanfor eit nettverk. Det skal vere eit samarbeid mellom sjølvstendige institusjonar der kvar institusjon får høve til å vidareutvikle sine særtrekk og fortrinn.

Til å utgreie grunnlaget og formene for eit slikt samarbeid oppnemnde dei fire institusjonane 10.01.2007 ei felles prosjektgruppe med fylgjande samansetjing:

FOU-leiar Georg Arnestad, Høgskulen i Sogn og Fjordane  
 Seniorrådgjevar Asbjørn Bjømset, Universitetet i Bergen, leiar  
 Seniorrådgjevar Egil Ertresvaag, Høgskulen i Bergen  
 Førstemanuensis Magne Espeland, Høgskulen Stord-Haugesund

**Mandat**

Gruppa får i oppdrag å utgreie:

- *Utdanningssamarbeid* i ulike former, t.d. tilrådde studieløp på tvers av institusjonane eller felles studieprogram på bachelor- og masternivå
- *Samarbeid om forskarutdanning* (spesielle opplæringsprogram tilpassa kandidatar frå høgskulane, opplegg for kompetanseutvikling, samarbeid om rettleiing av PhD-kandidatar)
- *Forskingssamarbeid* (identifisere fellesnemnarar mellom sterke fagmiljø, legge til rette for prosjektsamarbeid og felles forskingsseminar)
- *Internasjonalisering* (samarbeid om internasjonalisering innanfor utdanning og forskning)
- *Utvikling av ein nettverksorganisasjon* (samarbeidsavtale basert på ein flercampusmodell, styring og administrasjon, namn)
- *Felles profilering* av samarbeidet, m.a. med vekt på tilrådde studieløp
- *Felles plattform* for samarbeid med regionale aktørar i nærings- og samfunnsliv

Samarbeidet skal forankrast i fagmiljøa og bør byggje på og utvikle eksisterande samarbeid, og gruppa bør utarbeide ein kort oversikt over det samarbeidet som er etablert innanfor ulike område.

Vestnorsk nettverk har utvikla eit godt samarbeid innanfor forskarutdanninga som omfattar fleire institusjonar. Det er viktig at den planlagde nettverksorganisasjonen gir rom for å oppretthalde og utvikle dette samarbeidet og andre eksisterande samarbeidstiltak.

Prosjektgruppa fekk frist til å legge fram innstilling til 01.05.07.

### **1.3 Arbeidet i prosjektgruppa**

Prosjektgruppa har hatt fem møte, derav eitt fellesmøte med leiinga ved dei fire institusjonane.

Grunnlagsmateriale om eksisterande samarbeid er innhenta frå fakultet/avdelingar og andre einingar ved institusjonane.

## 2 Oversikt over eksisterende samarbeid

Det er og har vore eit omfattande samarbeid mellom dei fire institusjonane, heretter kalla ”nettverksinstitusjonane”, på mange område og i ulike former. Institusjonane har ulike storleik og status, og saman med geografisk plassering fører det til ulikt omfang av og skilnader i formene for samarbeid. Samarbeidet er naturleg nok mest omfattande mellom Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen. Situasjonen er også ulik når det gjeld rekruttering av studentar.

Konkret fagleg samarbeid har som regel blitt utvikla i direkte kontakt mellom fagmiljø og har vore regulert gjennom ulike typar avtalar.

I mange tilfelle omfattar samarbeidet fleire institusjonar enn nettverksinstitusjonane.

Vi gir her ein summarisk oversikt over eksisterande samarbeid, spesifisert oversikt er gitt i vedlegg der det også er ein kort oversikt over nettverksinstitusjonane.

### 2.1 Samarbeidsformer

Dei viktigaste samarbeidsformene er:

- Generelt samarbeid gjennom institusjonsnettverk slik som Vestnorsk Nettverk
- Samarbeid på avgrensa område (Vestnorsk Nettverk Forskarutdanning, Musikknett Vest)
- Samarbeid som i tillegg til utdanningsinstitusjonar omfattar regionale aktørar i nærings- og samfunnsliv
- Samarbeid om utdanning, særleg på masternivå, regulert gjennom avtalar
- Lærarutveksling/personalutveksling
- Samarbeid om forskarutdanning (forskerskule i pedagogikk)
- Samarbeid om forskarutdanning (doktorgradsprosjekt, rettleiing/biretleiing)
- Sensorutveksling (som regel utan avtalar mellom institusjonane)
- Samarbeid om søknader til forskingsrådet og andre eksterne kjelder
- Samarbeid om publikasjonar og formidling
- Uformelt samarbeid mellom forskarar
- Nettverkssamarbeid
- Samarbeid om marknadsføring

### 2.2 Utdanningssamarbeid

Det er/har vore samarbeid om fire masterprogram: *historie med samfunnsfagdidaktikk, pedagogikk, pedagogisk informasjonsvitenskap, programvareutvikling*). Med unntak av pedagogisk informasjonsvitenskap der samarbeidet var mellom UiB og HSH, har samarbeidet vore mellom UiB og HiB. Samarbeidet har vore regulert gjennom ulike avtalar. Fagleg ansvar og undervisning/rettleiing har vore delt. UiB gir graden. I *programvareutvikling* blir det arbeidd med å utvikle ein fellesgrad.

Det var i 2000-2001 eit tidsavgrensa samarbeid i språk teknologi mellom HiB og UiB, og UiB gir i 2007 undervisning i 2 emne i arabisk for tospråklege lærarar ved HiB.

Fleire fagmiljø ved ingeniørutdanninga ved HiB og ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet (MN) ved UiB har gjensidige avtalar om fagleg innpassing og studenttilgang til aktuelle program og emne. Det blir også lagt til rette for fagleg innpassing og overgang til relevante studium. Det har vore/er samarbeid i mindre omfang mellom HSF og MN-miljø ved UiB.

Det er inngått ein sambeidsavtale mellom HiB og HSF om ingeniørutdanningane slik at studentar som gjennomfører 1. studieår i elektro ved HSF blir garantert plass i 2. og 3. studieår på nokre program ved HiB.

Utvexling av undervisningspersonale (bistillingar og timelærarar) og sensorutvexling er etablert mellom fleire fagmiljø.

Samarbeidet om entreprenørskapsutdanning mellom Høgskulen i Bergen, Norges handelshøgskole (NHH), Kunsthøgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen er eksempel på samarbeid som også inkluderer samarbeidspartar som Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Bergen næringsråd.

HiB og UiB deltar i samarbeid med m.a. Bergen kommune og Bergen næringsråd om *Vitensenteret i Bergen*.

Nettverk Vidareutdanning i Bergen er eit samarbeid mellom UiB, HiB og NHH. Samarbeidet gjeld særleg marknadsføring av høgare utdanning og kompetanse overfor næringslivet.

*Utdanning Bergen* er eit samarbeid som omfattar dei fleste utdanningsinstitusjonane i Bergen, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Bergen næringsråd og Studentsamskipnaden i Bergen. Samarbeidet har som føremål å profilere og marknadsføre Bergen som utdanningsby, og det er eit konkret samarbeid m.a. om deltaking på messer og skulebesøk.

### **2.3 Forskarutdanning**

Samarbeidet om forskarutdanning starta med "norgesnettstipendiatane" som vart oppretta som ledd i kompetanseutvikling ved distriktshøgskulane. UiB fekk fleire slike stillingar som vart fordelte på fakultet/fagområde og knytte til høgskular med utgangspunkt i fagleg samarbeid. Hovudmodellen var at universiteta hadde hovudrettleiar medan høgskulane hadde birettleiar.

Dette samarbeidet hadde lite omfang i høve til nettverksinstitusjonane sidan det har vore få "norgesnettstipendiatar" knytt til desse, men samarbeidet var eit viktig innhald i Vestnorsk Nettverk. Samarbeidet vart så utvikla til eit meir omfattande forskarutdanningssamarbeid frå og med 2003 gjennom Vestnorsk nettverk – forskarutdanninga (VNN-FU) der kurs i vitenskapsteori førebels har vore hovudkomponenten.

I perioden 2003 – 2006 har 117 deltakarar frå 8 institusjonar fylgt kurs i vitenskapsteori, av desse har 102 fullført med godkjent essay. 31 starta opp på nytt kurs i 2007. Om lag halvparten av

deltakarane kjem frå nettverksinstitusjonane. Av dei som har fullført vitskapsteori er 19 opptekne til PhD-program ved UiB. (Dette er kandidatar frå alle institusjonane i VNN-FU.)

Per 2007 er 33 stipendiatar/tilsette ved nettverksinstitusjonane tekne opp på PhD-program ved UiB, 20 av desse er frå Høgskulen i Bergen, 6 frå Høgskolen Stord/Haugesund og 7 frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

18 tilsette ved Høgskulen i Bergen har avlagt doktorgrad ved Universitetet i Bergen i perioden 2002 – 2006. Tilsvarende tal for Høgskulen i Sogn og Fjordane er 5, og ved Høgskulen Stord-Haugesund er det 5 tilsette med doktorgrad frå UiB.

Samarbeidet om forskarutdanning har fått endå større betydning dei siste åra i og med at kravet om forskingskompetanse er nedfelt i den nye lova om universitet og høgskular og gjennom dei kompetansekrava som NOKUT stiller i samband med akkreditering av studietilbod. Rapporten om status for FOU ved statlege høgskular<sup>1</sup> viser at det har skjedd betydelege endringar i det faglege personalet ved dei statlege høgskulane frå 1997 til 2005. Prosentandelen med doktorgrad har gått opp frå 9 % til 17 % ved alle høgskular. For Høgskulen i Bergen er tala 8 % i 1997 og 12 % i 2005, HSH har 8 % og 15 % medan HSF har 6 % og 14 %.

Den same rapporten viser at 23 % av personalet ved statlege høgskular arbeider med doktorgrad og at 12 % har planar om å søkje på eit doktorgradsprogram, medan 5 % har planar om å arbeide mot ein doktor-grad utan å delta på program. 59 % har ingen konkrete planar om doktorgrad.

## 2.4 Forskingssamarbeid

Medan samarbeid om utdanning og forskarutdanning som regel er formalisert, er samarbeid om forskingsprosjekt typisk noko som enkeltpersonar eller fagmiljø sjøl har tatt initiativ til og som difor ikkje så lett lar seg kvantifisere. I vedlegg 1 er gitt ein oversikt samarbeid på ulike område på grunnlag av tilbakemeldingar frå fagmiljøa ved institusjonane.

Følgjande hovudtrekk ser ut til å peike seg ut:

- Det er auke i samarbeidet om forskingsprosjekt mellom dei fire institusjonane
- Forskingssamarbeid spring ofte ut frå faglege nettverk eller forskarutdanninga
- Det meste av samarbeidet går føre seg mellom ein av høgskulane og UiB og mindre mellom dei tre høgskulane.

Institusjonane har ulike fagprofilar, men det er fleire faglege fellesnemnar i form av utdanningar som er ved alle eller dei fleste institusjonane: lærarutdanning, helsefag, teknologiske fag, musikk. Innanfor nokre av desse felte er det etablert samarbeid som kan utviklast vidare.

Ved Høgskolen i Bergen har t.d. alle dei tre avdelingane tilsette som er med i ulike forskarnettverk og prosjekt der UiB er ein sentral deltakar. Det gjeld teknologifag og realfag ved ingeniørutdanninga, ei rekkje fag på Avdeling for lærarutdanning (norsk, samfunnsfag, historie, naturfag, matematikk, kunstoffag etc.) og det gjeld tett samarbeid mellom Senter for

---

<sup>1</sup> Rapport 7/2006 frå NIFU STEP

kunnskapsbasert praksis og fysioterapi på Avdeling for helse og sosialfag. HiB-tilsette er òg med i ulike nettverk som inkluderer både høgskulane i regionen og UiB, og der ulike FoU-prosjekt inngår. Ein har òg nettverk der høgskulane samarbeidar utan UiB, det gjeld m.a. innanfor førskuleutdanning og drama.

Tilsette ved Høgskulen Stord/Haugesund og Høgskulen Sogn og Fjordane er med i ulike forskarnettverk, som regel nettverk der UiB er deltakar. Det er òg forskingssamarbeid med andre aktørar, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Det er altså mykje likt i det forskingssamarbeidet som blir skissert frå desse institusjonane. Forskingsprosjekt spring gjerne ut frå personlege interesser eller gjennom faglege nettverk, og då knyter ein til seg fagfellar eller fagmiljø ein kjenner. I utgangspunktet er det ikkje den regionale tanken som utløysar samarbeidet, men regionalt samarbeid kan likevel styrke den samla forskingsinnsatsen ved institusjonane.

Det har vore auke i forskingsverksemda ved høgskolane dei seinare åra. Dette heng sjølvsagt saman med kompetanseoppbygginga og krava om forskingsinnsats i sektoren. Det er all grunn til å tru at denne veksten vil halde fram og at veksten vil auke med eit tettare samarbeid mellom institusjonane.

## **2.5 Samarbeid med regionale aktørar i nærings- og samfunnsliv**

Kvar for seg har dei fire nettverksinstitusjonane eit omfattande samarbeid med ulike aktørar i sin region. Den regionale rolla og dei regionale oppgåvene til høgskulane vert særskilt streka under av departementet i løyvingsskrivet til høgskulane og i stortingsmeldingar. UiB deltek òg i betydeleg og aukande grad i ulike former for samarbeid med regionale aktørar og i regionale samarbeidstiltak med høgskulane i regionen.

Dei yrkesretta profesjonsutdanningane ved høgskulane og universitetet har lenge hatt eit godt samarbeid med praksisfeltet og andre regionale aktørar. Særleg gjeld dette lærarutdanningane. Men også dei helse- og sosialfaglege utdanningane har no utvikla sterke regionale nettverk.

Dei siste åra har samarbeidet med og i tilknytning til næringslivet vorte styrkt ved alle dei fire institusjonane. I Sogn og Fjordane er det utvikla eit eige Bedriftsnettverk, der om lag 80 bedrifter og HSF samarbeider for å styrkje samspelet mellom fou-institusjonar og næringsliv og med å kople fagmiljø/studentar mot bedriftene. Det er òg utvikla ei omfattande traineeordning. Ved HSH er det laga ein partnerskapsavtale med dei store industriverksemdene i regionen, der mange av dei same oppgåvene inngår. Høgskulen har maritim næring som eit av satsingsfelt, og har eit omfattande samarbeid med aktørane i denne næringa. HiB og UiB saman med mellom anna Statoil og Aker Kværner er partnerar i NCE Subsea, eit ekspertsenter for undervasssteknologi, som skal utvikle undervassklyngja i Hordaland og styrkje bedriftenes konkurransekraft. Det er òg utvikla eit nært samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Bergen næringsråd (og NHH) kring entreprenørskap og innovasjon, Vitensenteret i Bergen, Karrieresenteret og prosjektet Vidareutdanning Bergen. UiB saman med HelseBergen og Havforskningsinstituttet har starta Bergen teknologioverføring. Her er det samarbeidet med Høgskulen i Bergen og andre institusjonar.



Sjølv om det næringsretta samarbeidet har auka mykje siste åra, er det òg viktig å streke under at institusjonane også har eit godt samarbeid med kultur- og kunstlivet i regionane. HSH er såleis i desse dagar (ultimo april 2007) medarrangør av Bergen Interactive Music Conference (BIMUC) saman med MIC-senteret, Griegakademiet og BergenFest. Det finst fleire slike eksempel.

Dei siste åra har spørsmålet om regionalisering stått relativt høgt på den politisk dagsorden i Noreg. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet etablerte i 2003 Vestlandsrådet, eit politisk samarbeidsorgan som skal fremme regionens interesser med ambisjon om å overføre reell avgjerdsmynde til regionen. Etablering av eit formelt samarbeidsorgan mellom VNN og Vestlandsrådet har vore drøfta, og begge partar har signalisert positiv vilje til dette. I dette samarbeidet vil ein òg ha med aktørar frå samfunns- og næringslivet på Vestlandet. Partane har vore samde om å gå vidare med dette uavhengig av utfallet av Stortingets behandling av spørsmålet om framtidig regiondanning og arbeidsoppgåver for regionane.

Alle dei fire nettverksinstitusjonane er for tida involverte i samarbeid med ei rekkje regionale aktørar i samband med regionale prosessar kring Forskningsrådets nye VRI-program (VRI = verkemiddel for regional fou og innovasjon). Programmet skal medverke til auka innovasjon og verdiskaping i regionalt næringsliv.

### 3 Utvikling av samarbeidet

#### 3.1 Perspektiv for samarbeidet

Dei siste åra har spørsmåla om sterkare samarbeid mellom og mogleg samanslåing av høgskular og universitet rundt om i landet stått på den regionale dagsorden. Denne diskusjonen og dei pågåande prosessane har samanheng med det politiske ordsiftet om regionalisering og nye regiondanningar. Det regjeringsoppnemnde Stjernøutvalet skal mellom anna vurdere tiltak for å sikre at ”strukturen av universiteter og høyskoler .....

- legger til rette for faglig sterke, livskraftige institusjoner med evne til omstilling og fornyelse
- sikrer kvalitativt gode og robuste forskningsmiljøer ”

På Vestlandet har ein gjennom etablering av Vestnorsk Nettverk styrkt samarbeidet mellom UogH-institusjonane. Forskarutdanninga som er sett i verk i regi av VNN, har vore særleg viktig. På sikt fører denne utdanninga også til eit sterkare forskingssamarbeid mellom UiB og høgskulane.

Dei fire institusjonane som står bak denne utgreiinga er samde om å utvikle eit nærmare samarbeid. Dette skal skje innanfor eit nettverk, der kvar institusjon får høve til å vidareutvikle sine egne særtrekk og fortrinn.

Hovudutfordringa blir å finne og vidareutvikle arbeidsformer og rammer som gir eit godt grunnlag for samarbeid mellom institusjonane. Samarbeidet skal gje gevinstar både for institusjonane, for fagmiljø og for studentar. Samarbeidstiltak og -former vil variere over tid. Der vi lukkast godt, bør vi satse meir eller utvikle samarbeidet vidare. Der samarbeidet ikkje fungerer, bør det endrast eller avviklast.

Nettverkssamarbeidet må ha som ambisjon at det skal få fagmiljøa ved dei fire institusjonane til å løfte seg, og på nokre viktige område også spele ei internasjonal rolle. Det gjeld både innanfor forskning og utdanning. Målsetjinga må vere at vi innanfor dette sentrale vestnorske nettverket skal markere oss tydeleg i nasjonal samanheng, og styrkje vestnorsk høgare utdanning og forskning gjennom forpliktande nettverksarbeid. Nettverket skal òg vere ein aktiv aktør i forhold til det regionale nærings- og arbeidslivet, og til andre offentlege institusjonar og organisasjonar i regionen. Gjennom å vere ei tydeleg og samhandlande regional kraft skal nettverket framstå som ein påliteleg og truverdig internasjonal samarbeidsaktør. I dette perspektivet vert utvikling av nokre særskilt utvalde fagområde og fagmiljø spesielt viktig.

Samarbeid og samarbeidsformer vil sjølvsagt bli påverka av nasjonal politikk. Stjernøutvalet, som skal levere si innstilling i løpet av 2007, vil vurdere ulike modellar for samarbeid mellom universitet og høgskular. Dei samarbeidsformene vi foreslår, vil også kunne ha betydning i den nasjonale debatten.

## **3.2 Utdanningsamarbeid**

Oversikten i kap 2 ovanfor viser at det er og har vore samarbeid på mange område og i ulike former. Samarbeidet er likevel ikkje veldig omfattande, og det er eit stort potensiale for vidareutvikling.

### **3.2.1 Studentane**

Samarbeidet må legge til rette for at studentane kan og gjere seg nytte av fagtilbodet ved alle institusjonane og at det blir utvikla gode og smidige ordningar for opptak/overgang og innpassing.

Studentane blir som hovudregel tekne opp til eitt studieprogram ved ein institusjon, og dersom studentane ynskjer å ta deler av eit studiet ved ein annan institusjon, må det søkjast særskilt opptak. Mellom HiB og UiB er det inngått avtale om gjensidig høve til å fylgje undervisning i aktuelle program og emne innanfor ingeniørfag/MN-fag. Denne ordninga bør kunne gjelde for alle fag og studentar ved HiB og UiB dersom det ikkje er nødvendig med avgrensingar av kapasitets- og/eller faglege grunnar. Etter enkel søknad bør studentane få innvilga hospitantstatus som gir rett til å fylgje undervisning og å gå opp til eksamen utan å betale ny semesteravgift.

Studentar som har avlagt ein grad eller deler av ein grad ved ein institusjon bør innpassast eller takast opp til program ved dei andre institusjonane på ein smidig måte. Det bør utarbeidast ein katalog over tilrådde felles studieløp som omfattar bachelor- og masternivået. Denne bør nyttast i marknadsføring og rekruttering både til bachelor- og masterprogram.

Studentane må sikrast medverknad og deltaking i nettverkssamarbeidet m.a. på faglege konferansar.

Studieadministrative rutinar ved institusjonane bør samordnast slik at det blir utvikla felles rutinar på dette feltet.

### **3.2.2 Samarbeid om studieprogram og undervisning**

Føremålet med samarbeidet er å nytte fagleg kompetanse og faglege og økonomiske ressursar på best mogleg måte og å utvikle gode og relevante fagtilbod i samarbeid med regionale aktørar i samfunns- og næringsliv. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å opprette mange nye tilbod. Fagleg kompetanse og utvikling av kvalitativt gode tilbod er grunnleggande for institusjonane og for samarbeidet i nettverket.

Det ligg ikkje innanfor prosjektgruppa sitt mandat å foreslå konkrete samarbeidstiltak, men vi viser til at Vestnorsk nettverk har sett ned 3 arbeidsgrupper som har fått i oppdrag å utgreie mulegheitene for konkret samarbeid på masternivå i profesjonsutdanningane. Dette utgreiingsarbeidet kan gje grunnlag for nye samarbeidstiltak, som omfattar ”nettverksinstitusjonane” og andre institusjonar. Vi viser vidare til at UiB skal starte masterprogram i region og regionalisering hausten 2007. Det bør vurderast om det her er grunnlag for å utvikle ein felles bachelorgrad i samarbeid mellom nettverksinstitusjonane.

Vidareutdanning og nettbasert undervisning er eit felt der det er grunnlag for nærare samarbeid. Samarbeidet gjennom Nettverk Vidareutdanning i Bergen bør først vidare og søkjast utvida til å omfatte alle nettverksinstitusjonane. Samarbeidet bør omfatte marknadsføring, utvikling og konkrete vidareutdanningsprosjekt.

Eksisterande samarbeid er regulert gjennom samarbeidsavtalar, med litt ulik utforming<sup>2</sup>. Det blir tilrådd at det for samarbeidet mellom nettverksinstitusjonane blir fastsett retningslinjer som regulerer ulike former for undervisningssamarbeid og at det for dei konkrete samarbeidstiltaka blir utarbeidd enkle samarbeidsavtalar med utgangspunkt i retningslinjene.

Retningslinjene skal gje klåre rammer for samarbeidet med vekt på realistisk finansiering og fordeling av inntekter og budsjett i høve til ressursinnsatsen.

Arten av samarbeid, fordeling av fagleg og administrativt ansvar, opptak av studentar, økonomi og fordeling av resultatmidlar er punkt som er særleg viktig å regulere.

### 3.3 Samarbeid om forskarutdanning

Samarbeidet gjennom *Vestnorsk nettverk – forskarutdanninga* bør oppretthaldast og vidareutviklast i samarbeid med alle institusjonane i dette samarbeidet. Kapasiteten på kursa i vitskapsteori må tilpassast behovet for auka satsing på forskarutdanning og kompetanseheving.

Forskarutdanninga bør prioriterast innanfor det tettare nettverkssamarbeidet mellom dei fire institusjonane. Høgskulane prioriterer søkjarar ut frå eigne strategiplanar, og finansierer kandidatane i form av løn eller stipend. Opptak skjer etter at kandidatane i kontakt med relevant fagmiljø/rettleiari har utarbeidd prosjektbeskrivelse som er grunnlag for opptak ved aktuelle fakultet.

Kandidatane skal knytast til gode forskingsmiljø ved UiB, med birettleiari ved fagmiljø ved eigen høgskule. Hovudrettleiari kan også vere frå kandidatens høgskule. Ein føreset då at fagmiljøet held høg kvalitet og at det er kontakt med relevant fagmiljø ved UiB gjennom birettleiari ved aktuelt fakultet.

Kandidatane bør kunne få arbeidsplass i tilknytning til rettleiari forskingsmiljø i avgrensa periodar. Dette bør skje etter nærare avtale mellom høgskulen og aktuelt fagmiljø. Det skal ikkje reknast husleige for slike opphald.

Nettverksinstitusjonane blir oppfordra om å knyte stipendiatstillingar/forskarar til forskingsprogram eller prosjekt som inngår i eller er særleg relevante for nettverkssamarbeidet. Eksempel på slikt samarbeid er at Høgskulen i Bergen delfinansierer prosjekt som er knytte til Rokkansenteret ved UiB.

---

<sup>2</sup> Høgskulen i Bergen oversende i november 2006 utkast til rammeavtale for mastergradssamarbeid mellom HiB og UIB. Dette utkastet blir vurdert i samband med retningslinjene for samarbeid.

Forskarskolen i pedagogikk som er etablert med støtte frå NFR og i samarbeid mellom Det psykologiske fakultet, UiB, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen, Norsk Lærarakademi og Høgskolen Stord/Haugesund er eksempel på samarbeid som bør vurderast også av andre fagmiljø.

Samarbeidet om forskarutdanning bør også ha som mål at det skal utviklast forskingssamarbeid i tilknytning til doktorgradsprojekta. På same måte bør det knytast stipendiatar, andre forskarutdanningskandidatar eller forskarar til felles forskingsprosjekt.

Finansiering av samarbeidet er omtala nærare i punkt 4.2.

### **3.4 Forskingssamarbeid**

Samarbeid mellom forskarar blir stadig viktigare. NFR, EU og andre eksterne finansieringskjelder stiller krav til større prosjekt basert på nettverk eller forskarsamarbeid. Dei faglege fellesnemnarane i form av utdanningar som er ved alle eller dei fleste institusjonane: lærarutdanning, teknologiske fag, helsefag og musikk har gitt grunnlag for samarbeid som bør utviklast vidare.

Samarbeidet om forskarutdanninga som er omtala ovanfor, har også i seg eit stort potensiale for å utvikle forskingssamarbeid, og det blir viktig for nettverket å arbeide vidare med det.

For å stimulere og vidareutvikle forskingssamarbeidet bør nettverket utvikle gode rammevilkår for samarbeid og støtte utvikling og initiering av fellesprosjekt og søknader om eksternt finansiering, både frå nasjonale og internasjonale kjelder. Som ledd i dette bør nettverket m.a. ta initiativ til nettverkskonferansar og føre forskarar og fagmiljø saman.

Eit samarbeidsfelt som bør styrkast er internasjonale konferansar, der fagmiljøa både kan vise seg fram og møte interessante samarbeidspartar. Det finst døme på slike konferansar som har blitt til etter omfattande regionalt samarbeid, t.d. verdskonferansen i musikk, ISME 2002, der både HSH, HiB og UiB hadde sentrale roller.

Internasjonal publisering har lite omfang, særleg ved høgskulane. Eit samarbeid på dette feltet mellom nærskylde fagmiljø burde kunne gje gevinst. Siktemålet må vere å styrke den engelskspråklege publiseringsevna og viljen til slik publisering gjennom langsiktige tiltak. Forslaget om å opprette eit senter for språktenester ved UiB, som m.a. skal kunne tilby språkvask i samband med publisering både på engelsk og norsk, kan bidra til å styrke publiseringa og er relevant for nettverkssamarbeidet. Det bør også arbeidast for å få fleire publiseringsskanalar, t.d. i form av Vestlandsbaserte engelskspråklege online tidsskrift.

### **3.5 Samarbeid med regionale aktørar i nærings- og samfunnsliv**

Som det går fram av punkt 2.5, har samarbeidet mellom nettverksinstitusjonane og det regionale nærings- og samfunnslivet utvikla seg i ei positiv retning dei siste åra. Dette gjeld særleg i forhold til næringslivet, der fleire nye prosjekt og samarbeidstiltak har kome til, også over

fylkesgrensene. Også ordskiftet og dei mange prosessane kring regionalisering på Vestlandet synest å føre til ei formalisering av samarbeidet mellom UogH-institusjonane i regionen og regionale organ som Vestlandsrådet. VRI-samarbeidet vil òg innebere ei forsterking av prosessar som alt er på gang.

Nettverksinstitusjonane må følgje opp det positive samarbeidet som er utvikla. Det vert ei viktig oppgåve for institusjonane å sørge for at samarbeidet kan styrkje den næringsretta forskinga på Vestlandet. Det bør arbeidast aktivt med å utløyse forskingsmidlar til slik forskning frå regionale kjelder og frå Noregs forskingsråd. VRI-programmet bør nyttast til utvikling av den regionale næringsretta forskinga på Vestlandet. Nettverksinstitusjonane bør ta eit særskilt ansvar for dette. Det vil vere viktig å kunne kople dette mot andre forskingsprogram og satsingar i NFR, og dessutan kople VRI-prosjekt opp mot EU-program og anna internasjonal forskning. Her bør UiB ta eit særleg ansvar. VRI-programmet skal vare i inntil 10 år, og kan få avgjerande innverknad på framtidig samhandling mellom høgare utdanningsinstitusjonar, fou, bedrifter og regionale styresmakter. Det vert også lagt opp til eit vestlandssamarbeid innanfor VRI-programmet.

Samtidig må nettverksinstitusjonane samtidig halde oppe og utvikle den gode kontakten som ein gjennom profesjonsutdanningane har utvikla med skule- og barnehagesektor og det offentlege helse- og sosialfeltet. Dette gjeld den kommunale helse- og sosialsektoren, dei regionale helseorganisasjonane og spesialisthelsetenesta. På desse felta bør det òg i samarbeid med feltet utviklast gode regionale fou-prosjekt. Særleg bør ein få til eit nærare samarbeid med Helse Vest.

Det gode samarbeidet med kulturlivet på Vestlandet må også halde fram og gjerne styrkjast, mellom anna gjennom utvikling av regionale kulturforskningsprogram. UiB bør ta eit særskilt ansvar for dette, knytt til fagmiljøa kring masterprogrammet i region og regionalisering.

I 2006 vart det innleidd samtalar mellom VNN (minus Høgskolen i Agder) og Vestlandsrådet om etablering av eit formelt samarbeidsorgan mellom Vestlandsrådet og UogH-institusjonane på Vestlandet. I kva grad Vestlandsrådet vert vidareført, er i dag uvisst. Nettverket og dei fire nettverksinstitusjonane bør uansett ta sikte på å få til eit formelt samarbeid med representantar for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, Bergen kommune, dei andre vertskommunane og, eventuelt, nokre av dei større bedriftene i regionen og moglege andre samarbeidspartar.

### **3.6 Internasjonalisering**

Samarbeid om internasjonalisering i utdanningane bør inngå i nettverkssamarbeidet. Alle institusjonane har eigne administrative ressursar som har ansvar for internasjonalisering i studia, men det er i dag i liten grad samarbeid på dette feltet.

Aktuelle samarbeidsområde er:

- *Utvikling av engelskspråklege studietilbod:* Gjennom samarbeid kan ein utvikle fleire tilbod, og det kan lagast program der internasjonale studentar kan kombinere opphald ved to eller fleire av institusjonane
- *Norskopplæring for innreisande studentar:* I dag er det berre UIB som gir slikt tilbod. Her ligg det godt til rette for eit samarbeid der også innreisande studentar til høgskulane kan få slik opplæring

- Eit utvida regionalt samarbeid om utdanningstilbod for tilreisande utanlandske studentar burde kunna vinna på ei felles *marknadsføring i utlandet*, t.d. i form av felles brosjyrar eller websider. Regionen kunne då reklamere med vestnorsk særpreg i brei forstand og i større grad dra vekslar på å gjere utdanningstilbod som finn stad midt i verdskjende turistmål, t.d. the Fjords, meir attraktive.
- Dei tilsette ved dei internasjonale tenestene ved institusjonane bør møtast gjennom nettverkskonferansar med sikte på å utvikle samarbeid på aktuelle område.

### 3.7 Profilering av nettverket

Nettverket bør profilerast både nasjonalt og internasjonalt og internt ved institusjonane.

Som ledd i dette bør det utarbeidast eigne nettsider der det blir informert om nettverket og konkrete samarbeidstiltak og fellesprosjekt innanfor forskning og utdanning. Det bør lagast eigen informasjon om studieprogram, med vekt på samarbeids- og fellesgradar og tilrådde studieløp på bachelor- og masternivå. Det bør også vurderast om alle nettverksinstitusjonane på nokre felt kan delta i samarbeidet om marknadsføring gjennom *Utdanning Bergen*.

Internt ved institusjonane bør det i tillegg gjevast god informasjon om insentivmidlar i form av støtte til å utvikle felles forskings- og formidlingsprosjekt og til faglege konferansar. I startfasen er det særleg viktig med god informasjon om nettverket både til leiinga på ulike nivå og til fagmiljøa, og som ledd i den interne profileringa bør det haldast nettverkskonferansar med deltakarar, inkludert studentar, frå ulike nivå ved institusjonane.

Informasjons-/formidlingstenestene ved institusjonane bør utarbeide forslag til profilerings- og marknadsføringsplan når det er gjort vedtak om etablering av nettverket.

## 4 Økonomi

Nettverket bør ha eit eige budsjett som blir disponert av styret, som skal dekke:

- Kostnader ved styremøte
- Felles administrasjon
- Profilering
- Insentivmidlar til initiering av samarbeidstiltak om undervisning og forskning
- Eventuell delfinansiering av prosjekt
- Støtte til konferansar og formidlingstiltak

Styret utarbeider forslag til totalbudsjett, som blir fordelt mellom institusjonane i høve til budsjettet for siste år og godkjent av styra for institusjonane ved den årlege budsjettbehandlinga.

#### 4.1 Finansiering av utdanningssamarbeid

Spørsmåla om finansiering av utdanningssamarbeid er løyst på ulike måtar i dei eksisterande samarbeidsavtalane. Hovudprinsippet er at inntekter/budsjett skal fordelast i høve til ressursinnsatsen. Det har vore lagt stor vekt på fordeling av resultatmidlar (rettleiingspengar for ferdige kandidatar og studiepoenginntekter). Her har ordningane skifta over tid, og det kan ha blitt uklåre eller kompliserte modellar. Vi bør ha modellar som gir ei klår plassering av budsjettansvar og som sikrar at partane i samarbeidet får rimeleg utteljing for ressursinnsatsen sin, samstundes som avtalane bør vere enkle å administrere.

Føremålet med samarbeidet er å utvikle kvalitativt gode tilbod. Dette tilseier at samarbeidstiltak om utdanning bør fullbudsjetterast på vanleg måte av den institusjonen som har ansvar for eit program eller emne. Resultatmidlane (studiepoenginntektene) kjem i tillegg to år etter avlagt eksamen. Fordelinga av dei bør vere eintydig fastlagt for det enkelte samarbeidstiltaket.

I retningslinjene for samarbeid er fordeling av inntekter og kostnader nærare omtala.

#### 4.2 Finansiering av forskarutdanning

Kostnadene ved forskarutdanninga omfattar:

- Løn til stipendiatar eller andre kandidatar på PhD-programma
- Undervisning og rettleiing
- Infrastruktur (husleige, bibliotek, IKT-tenester, administrasjon)
- Andre kostnader (reiser, bøker mm.)

Forskarutdanninga er strategisk viktig både for høgskulane og universiteta, og lønsmidlar for stipendiatar, rettleiing og andre ressursar blir prioritert med utgangspunkt i den strategiske betydninga forskarutdanninga har. Det er difor ikkje aktuelt at universitetet skal ha kompensasjon for rettleiing eller at høgskulane skal ha kompensasjon for lønsmidlar for stipendiatar eller andre tilsette som er på PhD-program. Dersom institusjonane knyter ordinære stipendiatstillinger til program eller prosjekt innanfor nettverket, er det uttrykk for satsing på dette feltet.

Inntektene i finansieringsmodellen er:

- Resultatdel forskning (RBO = resultatbasert omfordeling) for doktorgradskandidatar og for publiseringspoeng

Publiseringspoenga er knytt til publikasjonar som stipendiatar/forskarar har gitt ut eller bidratt til, og publiseringspoenga bør difor tilfalle den institusjonen som stipendiaten/forskaren er tilsett ved.

Resultatdelen for doktorgradskandidatar går til den institusjonen som gir graden, det vil seie UiB. Sidan det er her er tale om omfordeling i relasjon til kandidattalet ved dei andre institusjonane som gir doktorgradar, er det vanskeleg å berekne budsjettet på førehand (dersom det er same utvikling, t.d. 10 % auke ved alle institusjonane, vil det ikkje gje auka budsjett). Dette tilseier at vi ikkje legg opp til ei fordeling av resultatmidlar i høve til undervisnings- eller rettleiingsinnsats,



men at det blir fastsett ein omforeina sum per doktorgradskandidat ved høgskulane, t.d. 50 000 per kandidat. På lengre sikt, når ordninga med hovudrettleiar/birettleiar er meir utbygd, kan ein eventuelt vurdere å differensiere denne summen i høve til om høgskulane har hatt rettleiar eller birettleiar.

Finansiering av samarbeid om forskarutdanning er ei sak som det er aktuelt å vurdere i nasjonal samanheng, i samråd med departementet og andre universitet og høgskular, og retningslinjene på dette feltet kan bli endra.

### 4.3 Insentivmidlar og prosjektstøtte

Innanfor nettverkets budsjett bør det setjast av ein sum til å støtte utvikling av samarbeidstiltak, særleg om forskning og formidling. Det bør gjevast støtte til:

- Initiering/utvikling av felles forskingsprosjekt
- Arbeid med søknader om ekstern finansiering
- Faglege konferansar for å utvikle nettverkssamarbeidet
- Faglege konferansar med nasjonal/internasjonalt deltaking
- Delfinansiering av prosjekt
- Publikasjonar og formidlingstiltak

### 4.4 Samla budsjett

Prosjektgruppa tilrår at nettverket blir etablert med verknad frå 01.01.2008. Første halvår 2008 blir det i stor grad oppstart og planlegging som blir hovudoppgåvene, og budsjettet for 2008 blir difor ikkje eit heilårsbudsjett. Administrasjonen av nettverket bør søkjast samordna med Vestnorsk Nettverk – forskarutdanninga. Det er likevel viktig å ha ein heil stilling knytt til dette nettverkssamarbeidet for å sikre god oppfylging og initiering og utvikling av samarbeidstiltak. Særleg gjeld dette i oppstarten, og vi tilrår at det blir budsjettert med 1 årsverk dei tre første åra.

Forslag til budsjett er utarbeidd som eit budsjett for deler av 2008 og med heilårsverknad i 2009 og 2010. Budsjettet blir foreslått delt mellom institusjonane i høve til institusjonsbudsjetta for 2007.

<b>Budsjett nettverkssamarbeid</b>			
	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>
Administrasjon (1 årsverk)	400 000	540 000	540 000
Nettverksmøte	50 000	90 000	90 000
Insentivmidlar/prosjektstøtte	1 000 000	1 500 000	1 500 000
Faglege konferansar/formidling	100 000	270 000	270 000
Andre kostnader	100 000	100 000	100 000
<b>Sum</b>	<b>1 650 000</b>	<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>

**Fordeling**

<b>UiB</b>	1 130 000	1 700 000	1 700 000
<b>HiB</b>	280 000	430 000	430 000
<b>HSF</b>	120 000	185 000	185 000
<b>HSH</b>	120 000	185 000	185 000
<b>Sum</b>	<b>1 650 000</b>	<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>

Eit årsbudsjett på 2,5 millionar inneber ei betydeleg satsing på nettverket. Føremålet er å initiere prosjekt og søknader som kan gje nye ressursar slik at aktiviteten knytt til nettverket kan få eit stort omfang. Vi viser også til tilrådinga om at institusjonane bør vurdere å knyte stipendiatstillingar til program eller prosjekt som er relevante for nettverket.

## 5 Organisering

Føremålet med nettverket er å etablere eit forpliktande samarbeid, og organiseringa bør ta utgangspunkt i det. Det blir tilrådd at nettverket blir oppretta gjennom avtalar mellom institusjonane. Utfyllande retningslinjer blir vedlegg til avtalen. Nettverket bør ha styre og ein felles administrasjon.

### 5.1 Avtale og retningslinjer

Nettverket blir oppretta gjennom ein samarbeidsavtale som blir godkjent av for styra for nettverksinstitusjonane. Samarbeidsavtalen omfattar fylgjande punkt:

- Føremål
- Retningslinjer
- Styre
- Finansiering
- Varigheit av avtalen

### 5.2 Styre

Styret for nettverket bør bestå av rektorane ved nettverksinstitusjonane. Styret vel leiar for 2 år om gongen.

For å sikre god administrativ oppfylgning bør direktør/administrativ leiar ved kvar av institusjonane delta i styremøta.

### 5.3 Administrasjon

Administrasjonen av nettverket skal legge til rette for utvikling av og oppfylgning av samarbeids tiltak og iverksetje vedtak i styret i samråd med styrets leiar. Det blir tilrådd at administrasjonen blir samordna med administrasjonen av Vestnorsk Nettverk – forskarutdanninga. Det er likevel viktig å ha ei heil stilling knytt til dette nettverkssamarbeidet for å sikre god oppfylgning og initiering og utvikling av samarbeidstiltak. Særleg gjeld dette i oppstarten, og vi tilrår at det blir budsjettert med 1 årsverk dei tre første åra.

## 6 Tilråding og oppsummering

Prosjektgruppa tilrår at nettverket "Mangfald og samarbeid" blir etablert med verknad frå 01.01.2008 med utgangspunkt i tilrådingane i denne innstillinga og ved at institusjonane godkjenner forslag til samarbeidsavtale og utfyllande retningslinjer.

Tilrådingane blir summert opp nedanfor:

- Nettverket skal bidra til å styrke høgare utdanning og forskning ved dei fire institusjonane gjennom eit forpliktande nettverkssamarbeid
- Det skal utviklast utdanningsamarbeid for å nytte fagleg kompetanse og faglege og økonomiske ressursar på best mogleg måte og å utvikle gode og relevante fagtilbod i samarbeid med regionale aktørar i samfunns- og næringsliv
  - Studentane skal kunne gjere seg nytte av fagtilbodet ved alle institusjonane, og det bør utviklast gode og smidige ordningar for overgang og innpassing
  - Det bør utarbeidast ein katalog over tilrådde felles studieløp som omfattar bachelor- og masternivået. Denne bør nyttast i marknadsføring og rekruttering både til bachelor- og masterprogram.
  - Aktuelle samarbeidstiltak bør vurderast i samband med utgreiingane om samarbeid på masternivå innanfor profesjonsutdanningane
  - Det bør vurderast om det er behov for ein felles bachelorgrad som grunnlag for mastergraden i region og regionalisering som UiB startar H2007.
  - Det blir fastsett retningslinjer for utdanningssamarbeidet for fagleg ansvar, finansiering og fordeling av inntekter.
  - Vidareutdanning og nettbasert undervisning er eit aktuelt samarbeidsområde
- Forskarutdanninga bør prioriterast innanfor nettverkssamarbeidet.
  - PhD-kandidatar frå høgskulane skal knytast til gode fagmiljø ved UiB, med birettleiar ved eigen høgskule. Hovudrettleiar kan også vere frå kandidatens høgskule
  - Nettverksinstitusjonane blir oppfordra til å knyte stipendiatstillingar til forskingsprogram eller prosjekt som er relevante for eller inngår i nettverket
- For å stimulere og vidareutvikle forskningssamarbeidet bør nettverket utvikle gode rammevilkår for samarbeid, og støtte utvikling og initiering av fellesprosjekt og søknader om ekstern finansiering, både frå nasjonale og internasjonale kjelder.
  - Dei faglege fellesnemnarane i form av utdanningar som er ved alle eller dei fleste institusjonane: lærarutdanning, teknologiske fag, helsefag og musikk har gitt grunnlag for samarbeid som bør utviklast vidare.
  - Eit samarbeidsfelt som bør styrkast er internasjonale konferansar, der fagmiljøa både kan vise seg fram og møte interessante samarbeidspartar.
  - Det bør utviklast samarbeid med sikte på å styrke den engelsk-språklege publiseringsevna og viljen til slik publisering gjennom langsiktige tiltak
- Nettverket må fylgje opp det positive samarbeidet med næringslivet og regionale aktørar som er utvikla. Samarbeidet bør styrke den næringsretta forskinga på Vestlandet, og det bør arbeidast aktivt med å utløyse forskingsmidlar til slik forskning frå regionale kjelder og frå Noregs forskingsråd

- Internasjonalisering i utdanningane bør inngå i nettverkssamarbeidet. Utvikling av engelskspråklege studietilbod, norskopplæring for utanlandske studentar og felles marknadsføring i utlandet er aktuelle samarbeidsområde.
- Nettverket bør profilerast både nasjonalt, internasjonalt og internt ved institusjonane.
  - Det bør utarbeidast eigne nettsider og informasjon om studieprogram, med vekt på samarbeids- og fellesgradar og tilrådde studieløp på bachelor- og masternivå.
  - I startfasen er det særleg viktig med god intern informasjon om nettverket både til leiinga på ulike nivå og til fagmiljøa, og som ledd i den interne profileringa bør det haldast nettverkskonferansar med deltakarar, inkludert studentar, frå ulike nivå ved institusjonane.
  - Informasjons-/formidlingstenestene ved institusjonane bør utarbeide forslag til profilerings- og marknadsføringsplan.
- Nettverket bør ha eit eige budsjett, og det blir tilrådd eit budsjett på 2,5 millionar per år, fordelt på institusjonane i høve til institusjonsbudsjetta. Incentivmidlar og støtte til konferansar utgjer hovuddelen av budsjettet
- Utdanning, forskarutdanning og forskning blir i hovudsak finansiert av institusjonane etter nærare retningslinjer. Innanfor samarbeidet om forskarutdanninga får høgskulane ein omforeina sum, 50 000, per doktorgradskandidat avlagt av tilsette ved høgskulen
- Styret for nettverket består av rektorane ved nettverksinstitusjonane. Styret vel leiar for 2 år om gongen. Direktør/administrativ leiar ved institusjonane deltek i styremøta.
- Nettverket skal ha ein administrasjon som har som hovudoppgåve å initiere og utvikle samarbeidstiltak, sikre oppfylgning av samarbeidstiltaka og iverksetjing av styrets vedtak.
- Avtalen om nettverkssamarbeid blir inngått for fem år. Nettverket blir evaluert i løpet av 2011, og det blir tatt standpunkt til vidareføring og eventuell vidareutvikling av samarbeidet i første halvår 2012.

30.04.07

## Vedlegg 1: Oversikt over nettverksinstitusjonane

### Høgskolen i Bergen

Høgskolen i Bergen er lokalisert til fem studiesteder og har tre avdelinger:

Avdeling for ingeniørutdanning (AI), studiested Nygård.

Avdeling for helse- og sosialfag (AHS), studiestedene Nordnes, Møllendalsveien og Haukelandsbakken.

Avdeling for lærerutdanning (AL), studiested Landås

Høgskolen forventer å flytte inn i nytt samlokalisert bygg på Kronstad i 2012.

Høgskolen tilbyr et bredt spekter av profesjonsutdanninger innen helsefag, lærerutdanning og ingeniørfag, fire masterstudier og en lang rekke etter- og videreutdanninger.

Nøkkeltal	2005	2006
Tilsette totalt	618	622
• eige budsjett	591	598
• herav undervisnings- og forskingstillingar	386	391
Registrerte studentar (eigenfinanserte, gjennomsnitt)	5 298	5 429
Utvexlingsstudentar (inn- og utreisande)	183	234
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	4 615	4 733
Studiepoeng per student (registrerte studentar)	52,3	52,3
Publikasjonspoeng (forskningspublikasjonar)	37,3	38,4
Kandidatar		
• doktorgrad	4	2
• master/hovudfag	11	5
• helse- og sosialfag	449	415
• lærar- og førskolelærerutdanning	381	383
• Ingeniørutdanning	331	421
• Høgskulekandidatutdanning	21	22
• Vidareutdanning	7	30
Søkjalar (1. prioritet)	4916	4478
Opptakstal (Samordna opptak)	1700	1596
Søkjalar per studieplass	2,9	2,8

## Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane er organisert i fem avdelingar:

- Avdeling for lærarutdanning og idrett (Sogndal)
- Avdeling for økonomi og språk (Sogndal)
- Avdeling for samfunnsfag (Sogndal)
- Avdeling for ingeniør- og naturfag (Førde og Sogndal)
- Avdeling for helsefag (Førde)

Budsjettet for 2007 er om lag kr 230 mill. Høgskulen har rundt 270 stillingar, vel 2.600 studentar og ca. 30 registrerte PhD-studentar. Spesifisert oversikt er gitt nedanfor:

Nøkkeltal	2005	2006
Tilsette totalt	276	269
• eige budsjett	251	254
• herav undervisnings- og forskingstillingar	186	180
Registrerte studentar (eigenfinanserte, gjennomsnitt)	2 811	2 625
Utvexlingsstudentar (inn- og utreisande)	57	60
Registrerte PhD-studentar (gjennomsnitt)	28	30
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	1 794	1 974
Studiepoeng per student (registrerte studentar)	38,3	45,1
Publikasjonspoeng (forskningspublikasjonar)	46,0	40,7
Kandidatar		
• doktorgrad	2	2
• master/hovudfag	0	13
• profesjonsstudium (sjukepleie, sosialfag)	150	214
• lærar- og førskolelærarutdanning	112	119
• andre utdanningar	160	212
Studieprogram		
• bachelor	14	15
• master	2	3
• vidareutdanningar	30	33
• årsstudium	10	10
Søklarar (1. prioritet)	844	721
Opptakstal (Samordna opptak)	720	623
Søklarar per studieplass	1,20	1,13

## Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)

HSH er frem til og med 31.08.2007 organisert i 2 avdelinger:

- Avdeling Haugesund
- Avdeling Stord

Ny avdelingsinndeling fom 01.08.2007;

- Avdeling for lærar- og kulturstudiar
- Avdeling for helsefag
- Avdeling for tekniske-/økonomiske-/maritime studiar

Budsjettet for 2007 er om lag 210 mill. Høgskolen har om lag 250 tilsette, 2500 studentar. Spesifisert oversikt er gitt nedanfor:

Nøkkeltal	2005	2006
Tilsette totalt	247	238
• eige budsjett	247	238
• herav undervisnings- og forskingstillingar	170	163
Registrerte studentar (eigenfinanserte, gjennomsnitt)	2254	2307
Utvexlingsstudentar (inn- og utreisande)	89	55
Rgistrerte PhD-studentar (gjennomsnitt)	0	0
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	1920	1829
Studiepoeng per student	51,5	47,6
Publikasjonspoeng (forskningspublikasjonar)	13,8	12,9
Kandidatar		
• doktorgrad	2	2
• master/hovudfag	12	11
• sjukepleie	170	165
• lærarutdanningar	132	148
• ingeniør, økonomi, nautikk	127	137
•		
Studieprogram		
• bachelor	16	14
• master	1	1
• vidareutdanningar	60	64
• årsstudium	11	11
Søkjalar (1. prioritet)	883	843
Opptakstal (Samordna opptak)	720	623
Søkjalar per studie plass	1,23	1,35

## Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er organisert i 7 fakultet:

- Det historisk-filosofiske fakultet
- Det juridiske fakultet
- Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet
- Det medisinske fakultet
- Det odontologiske fakultet
- Det psykologiske fakultet

Budsjettet for 2007 er om lag 2 milliardar. Universitetet har om lag 3000 tilsette, 15 000 studentar og 1000 PhD-studentar. Spesifisert oversikt er gitt nedanfor:

<b>Nøkkeltal</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>
Tilsette totalt	<b>2 940</b>	<b>3 091</b>
• eige budsjett	2 539	2 680
• herav undervisnings- og forskingstillingar	1 376	1 475
Registrerte studentar (eigenfinanserte, gjennomsnitt)	15 343	15 083
Utvexlingsstudentar (inn- og utreisande)	1 078	1 200
Rgistrerte PhD-studentar (gjennomsnitt)	882	1077
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	10 553	10 652
Studiepoeng per student	41,3	42,4
Publikasjonspoeng (forskningspublikasjonar)	1 441	1 580
Kandidatar		
• doktorgrad	157	179
• master/hovudfag	811	873
• profesjon	470	529
• lågare grad	704	1032
Studieprogram		
• bachelor	56	56
• master	107	111
• integrert master	4	4
• profesjonsstudium	5	5
Søkjarar (1. prioritet)	8 321	7 632
Opptakstal (Samordna opptak)	3 666	3 671
Søkjarar per studie plass	2,3	2,1



## **Vedlegg 2: Oversikt over samarbeid mellom nettverksinstitusjonane**

*Nedanfor fylgjer ein oversikt over samarbeid mellom to eller fleire av nettverksinstitusjonane. Samarbeidet inkluderer også andre samarbeidspartar. Oversikten er utarbeidd ved kvar av institusjonane, og det vil difor vere overlapping ved at samarbeidstiltak er omtala ved fleire av institusjonane.*

### **Høgskolen i Bergen**

Høgskolen i Bergen har et bredt samarbeid med UiB om utdanning, forskerutdanning og forskning, og i noen grad også med de to andre høgskolene i nettverket. Den følgende oversikten er sikkert ikke helt komplett, for i en viss utstrekning er samarbeid også et resultat av personlige avtaler og initiativ fra ansatte.

Forkortelser:

AI Avdeling for ingeniøruddanning

AHS Avdeling for helse- og sosialfag

AL Avdeling for lærerutdanning

#### **Utdanningsamarbeid**

- Masterprogram i historie med samfunnsfagdidaktikk UiB/HiB.
- Masterprogram i programvareutvikling UiB/HiB (Under planlegging)
- Ulike studentutvekslinger innen flere fagområder. UiB/HiB
- Ulike utvekslinger av undervisningspersonale. UiB/HiB
- Sensorutvekslinger. Alle institusjonene.
- Samarbeid om teknologiutdanning på Vestlandet. Alle institusjonene.
- Nyskapingskompetanse UiB/HiB/NHH.
- Akvautdanning UiB/HiB/HSF
- Aktuarutdanning HiB/UiB
- Elektrosamarbeid HiB/HSH
- Det arbeides med flere nye masterstudier i samarbeid med UiB.

#### **Samarbeid om forskerutdanning**

- Vestnorsk Nettverk. Alle institusjonene. Se nærmere omtale under UiB.
- Forskerutdanning innen pedagogikk.

#### **Faglige nettverk**

- Musikknett Vest: UiB/HiB/HSH.
- Drama HiB/HSH
- Norskseksjonen AL. Flere nettverk
- Pedagogikk AL. Flere nettverk

- Fysioterapi AHS. UiB/HiB
- Sykepleie UiB/HiB/HSB
- Førskolelærerutdanning

### **Samarbeid om forskning**

I tilknytning til forskerutdanningen og masterprogram har UiB og HiB et tett samarbeid om forskningsprosjekter. I tillegg er fagmiljøer og enkeltpersoner ved HiB involvert i en rekke forskningsaktiviteter i samarbeid med UiB, og i noen grad også med de to andre høgskolene. Det gjelder blant annet innen følgende fag og fagområder:

- Norsk
- Informatikk
- Realfag
- Nyskaping og innovasjon
- Historie/samfunnsfag
- Ulike helsefag
- Pedagogikk
- Kunstfag
- Fysioterapi

### **Annet samarbeid**

- Nettverk videreutdanning Bergen
- Utdanning i Bergen
- Forskningsdagene
- Karrieresenteret

## Høgskulen i Sogn og Fjordane

HSF har tradisjonelt hatt eit godt samarbeid med ulike fagmiljø ved UiB. For nokre fagmiljø strekkjer dette samarbeidet seg tilbake til kring 1980. Det mest langvarige og omfattande samarbeidet har vi hatt innanfor fagområdet *kulturlandskap*. Dette gjeld større forskingsprosjekt, søknader om midlar til forskingsprosjekt, undervisningssamarbeid, konferansar, formidling, publisering og rettleiing av hovudfags- og doktorgradsstudentar. Samarbeidet har vore mellom HSF sin Seksjon for landskapsøkologi og Biologisk institutt (tidlegare Institutt for botanikk og Institutt for Zoologi), Institutt for arkeologi og Bergen Museum.

På andre fagområde er det og har det vore meir spreidd og litt tilfeldig samarbeid. HSF har i betydeleg mindre grad hatt samarbeid med HiB og, særleg, med HSH. Men samarbeidet er aukande, som det vil gå fram av det som vert nemnt nedanfor.

**Organisasjons-/leiingsfag:** Nettverk i organisasjonsfag med HiB, HSH, HSF, HiÅ og HiMolde. Årlege seminar, mest om undervisningsrelaterte emne innanfor organisasjon og entreprenørskap/innovasjon. Felles ressursbase for undervisning og rettleiing i Fronter; i utgangspunktet ein HSF-sak, som no er vorten vestlandsk og administrert av HSF. To av dei fagtilsette på dette området har doktorgrad frå UiB. Det vert søkt om eitt PhD-opptak ved UiB hausten 2007. Fleire av fagfolka på dette fagområdet har faglege samarbeidsnettverk mot UiB (adm.org, geografi, Rokkansenteret), prosjektsamarbeid om m.a. kommuneforskning, helseleiingsforskning, og eit prosjekt om NAV-reforma er under planlegging.

**Informasjonsbehandling:** Ein doktorgradsstudent knytt til InterMedia/Institutt for informasjons- og medievitenskap ved UiB.

**Pedagogikk:** Fleire doktorgradsstudentar i pedagogikk og didaktikk ved HSF er knytte til Institutt for utdanning og helse ved UiB. Éin professor ved instituttet er knytt til HSF, Avdeling for lærarutdanning og idrett, som professor II. To høgskulelektorar (og doktorgradsstudentar) ved HSF har hatt bistilling ved instituttet. Vi deltek i samarbeidet om forskarskule med støtte frå NFR innanfor pedagogikk saman med UiB, HiB, HSH og Norsk lærarakademi.

**Helsefag:** HSF samarbeider med HiB, HSH og UiS i samarbeidsorganet mellom Helse Vest, RHF og høgskulane/UiS. Tilsvarande gruppe for å styrkje forskningssamarbeidet mellom Helse Vest og høgskulane i regionen. HSF samarbeidar med HiB om koordinering og samskøyring av AOI-utdanningane. HSF samarbeider med HSH og UiS om oppstart av studium for miljøarbeidarar innanfor rusomsorga. Éin doktorgradsstudent i helsefag knytt til UiB.

**Samfunnsfag/historie:** Lite formalisert samarbeid mellom HSF og dei tre andre institusjonane. Men ein del forskningssamarbeid, på individuell basis, med UiB innanfor fag som historie og sosiologi. Lite samarbeid med grunnlag i profesjonsutdanningane (sosionom, barnevern, vernepleie). Ingen HSF-doktorgradsstudentar frå desse faga er knytte til UiB.

**Ingeniørutdanning:** Samarbeid med HiB om praktiske ordningar for overgang mellom ingeniørstudia ved HiB og HSF, felles bruk av internasjonale avtalar og utstyr/modellar og laboratoriefasilitetar, m.m. Omfattande samarbeid om rekruttering og marknadsføring, også gjennom prosjektet "Teknologiutdanning på Vestlandet". Éin professor ved Fysisk institutt, UiB

har hatt II-arstilling ved HSF si ingeniørutdanning. Ein doktorgradsstudent ved ing.utdanninga er knytt til dette instituttet.

**Akvakultur/geologi:** Mange studentar frå HSF har gått vidare og teke hovudfag i geologi og marine fag ved UiB. Det har vore forskingssamarbeid både i geologi og akvakultur . HSF sitt akvakulturstudium er no lagt ned. Ein HSF-doktorgradsstudent i geologi disputerte ved UiB i januar 2007.

**Andre forhold:** Det har lenge vore ustrekt samarbeid om sensur mellom HSF og UiB, etter kvart også HiB. Dette gjeld mange studium. Men det er ingen medviten politikk frå HSF som gjer at det har utvikla seg slik. HSF deltek elles, som det går fram i utgreiinga og dei andre vedlegga, i samarbeidet kring vitenskapsteori og etikk og doktorgradsutdanninga innanfor Vestnorsk Nettverk – Forskarutdanninga. På litt sikt vil dette styrkje forskingssamarbeidet mellom institusjonane.

## Høgskulen Stord/Haugesund

HSH har lang tradisjon med samarbeid opp mot HiB og UiB, men lite å visa til når det gjeld HSF. HSH sitt samarbeid i dag og dei siste åra er i hovudsak knytt til Avdeling Stord, lærarutdanning og i noko mon til helsefag i same avdeling. Det finst også samarbeid mellom Avdeling Haugesund og desse institusjonane men i langt mindre grad. Det meste av samarbeidet går føre seg i form av faglege nettverk, men det finst også døme på utdannings- og Fou samarbeid. (kartlegginga er neppe fullstendig, men det er det eg har nå)

### *Administrative nettverk*

- Ulike grupper knytt til Vestnorsk Nettverk, (rektor, direktør, dekan-nivå, samarbeid om forskingsutdanning, samarbeid i utgreingsgrupper)
- Samarbeid om bibliotekstenester. Dette er eit generelt samarbeid. Biblioteket ved HSH gir uttrykk for at desse tenestene ved dei fire institusjonane kan bli ennå betre gjennom eit tettare samarbeid.

### *Faglege nettverk*

- Norskseksjonen ved HSH deltek i Retorisk Forum, Historisk-filosofisk fakultet UiB. Her er også tilsette ved HiB med,
- Informatikkseksjonen ved HSH og Institutt for Informasjonsvitskap, UiB. Langvarig samarbeid om hovudfag i informasjonsvitskap. I dag har HSH eiga masterutdanning og samarbeidet er meir sporadisk, men eksisterer framleis. Tilsette i seksjonen samarbeider også om evalueringsspørsmål med Institutt for utdanning og helse (Engelsen- Dysthe/Smith), m.a. om søknadar til Forskningsrådet.
- Musikkseksjonen ved HSH, musikkseksjonen ved HiB og Institutt for musikk, HiB. I dag er desse fagmiljø drivkreftene bak Musikknett Vest, <http://www.musikknettvest.no/>, og ulike former for samarbeid: Prosjekt, konferansar, utdanning. Musikknettvest er eit resultat av det tette samarbeidet om verdskonferansen i "music education" SAMSPEL i 2002, [http://www.uib.no/isme2002/norsk/index\\_n.html](http://www.uib.no/isme2002/norsk/index_n.html). Musikkmiljøa og dei andre kunstfaga på HiB og HSH arbeidde på 1990 elles svært aktivt saman i nettverket "GRUPPE V-EST".
- Dramaseksjonane ved HSH og HiB har FoU samarbeid og bokprosjekt.
- Fagleg/administrativt nettverk innafor praksis i førskulelærarutdanninga (praksiskonslulentar). I dette nettverket deltar HIB, UIS, HSIF (+ NLA og HIA). Nettverket har eksistert sidan 1996 og møtes ein gang i året <http://ans.hsh.no/lu/felles/FLU/nettverk/>.
- Pedagogikkseksjonen er med i Nasjonalt nettverk for skoleleiing, der det er representantar frå HiB, HSF, UiB og HSH.
- Pedagogikkseksjonen samarbeider med gruppa/studietilbodet "Akademisk skriving" ved HF-fakultetet ved UiB (Breivega, Ågotnes og Sletthei)
- Samfunnsfagseksjonen samarbeider med "Senter for utviklingsstudier" gjennom nasjonalt fagråd for utviklingsstudier.
- Pedagogikkseksjonen deltar i Nasjonalt kompetansenettverk for rettleiing av nye lærarar og i samarbeidet NyiHordaland - rettleiing av nyutdanna, - saman med UiB, HiB og NLA. Sjå: [http://www.hit.no/main/nettverk/kompetansenettverk\\_veiledning\\_av\\_nye\\_laerere](http://www.hit.no/main/nettverk/kompetansenettverk_veiledning_av_nye_laerere)
- Sjukepleiarutdanninga deltar og samarbeider med Graduate School of Human Interaction and Growth ved HiB.

- Samarbeid om mikrobiologi/ballastvatn mellom fagmiljø i Haugesund (Bentsen, Osland) og UiB.
- Samarbeid teknologiutdanning på Vestlandet. Her er alle ingeniør-utdanningane på dei fire institusjonane med. Sjå: <http://www.teknovest.no/>

## Universitetet i Bergen

UiB har eit utstrakt samarbeid med høgskulane i regionen. Det er samarbeid som omfattar alle institusjonane, slik som Vestnorsk nettverk, eller det er samarbeid med ein eller fleire institusjonar, som oftast mellom UiB og HiB. Samarbeidsformene varierer frå formaliserte samarbeidsavtalar til uformelle kontaktar mellom fagmiljø. Vi gir her ein summarisk over samarbeid der UiB og ein eller fleire av ”nettverksinstitusjonane”, i mange tilfelle omfattar samarbeidet også andre institusjonar.

### Utdanningssamarbeid

UiB har/planlegg samarbeid om fylgjande program/emne:

- Masterprogram i *Historie med samfunnsfagdidaktikk* mellom HF-fak ved UiB og AL ved HiB. Samarbeidet er regulert gjennom samarbeidsavtale. UiB har ansvar for 2 obligatoriske emne, HiB har ansvar for 2 emne. Rettleiinga er delt. UiB gir graden.
- HF-UiB har inngått avtale med AL-HiB om undervisning i 2 emne i arabisk for tospråklege lærarar i 2007
- Masterprogram i *programvareutvikling*. Samarbeid mellom MN-fak (Institutt for informatikk) ved UiB og AI ved HiB. Samarbeidet er regulert gjennom avtale. UiB gir graden. Samarbeidet er no planlagt som *fellesgrad*, og det blir arbeidd med søknad til NOKUT om akkreditering av fagmiljøet ved HiB.
- Kjemisk institutt, UiB har avtale med IAKB, ved HiB om fagleg innpassing og gjensidig studenttilgang til *emne i kjemi* ved dei to institusjonane. Det er garantert plass for inntil 10 studentar kvar veg.
- Matematisk institutt, UiB har avtale med HiB om at *studentar i matematikk* skal kunne ta tre kurs ved HiB for å oppnå *aktuarkompetanse*
- *Grunnleggande elektronikkundervisning* (bachelornivå): UiB-studentar fylgjer undervisning gitt på HiB. Institutt for fysikk og teknologi ved UiB har også samarbeid med HiB innan instrumentering/måleteknologi og subatomær fysikk/CERN-fysikk
- Institutt for biologi har samarbeid med HiB på masternivå. Studentar frå akvakulturlinja kan gå direkte inn på master. Utveksling av undervisningspersonale. Samarbeidet er ikkje formalisert, men det blir diskutert å utarbeide avtale.
- Institutt for biologi har også hatt samarbeid med HiSF. Akvautdanninga ved HiSF er nedlagt, men det er framleis ynskje om samarbeid
- Det blir arbeidd med ein samarbeidsavtale mellom Molekylærbiologisk institutt ved UiB og IAKB ved HiB innan undervisning og FoU, m.a.om større laboratorieinvesteringar, om utveksling av undervisningspersonale og om utvikling av nye emnetilbod.
- MN-UiB og AI-HiB legg generelt til rette for innpassing/overgang for studentar innan relevante er studium.
- MN-UiB og HiB har utveksling av undervisningspersonale innan lærarutdanninga
- MN-UiB (Institutt for fysikk og teknologi) og HiSF har samarbeid innan instrumentering/måleteknologi (undervisningsmaterieell, personale)
- MED-fak har samarbeid med HiB ved at 4 bioingeniørstudentar arbeider med oppgåver der dei nyttar laboratorium ved Institutt for biomedisin
- Sensorutveksling er rapportert frå fleire fagmiljø, særleg i høve til HiB, men også i høve til dei andre høgskulane (HF, MN, MED og SV) har rapportert om slikt samarbeid
- Det er også utveksling av personale (timelærarar og nokre bistillingar)

- Det er samarbeid om *entreprenørskapsutdanning* mellom UiB, HiB, NHH og KhiB
- Det blir drøfta samarbeid mellom HiSF og UiB innan fagområdet geologi
- *Vidareutdanning Bergen* er eit samarbeid mellom UiB, HiB og NHH, i hovudsak om felles marknadsføring av etter- og vidareutdanning
- Skolelaboratoriet i realfag samarbeider med HiB og Bergen kommune om *skoleprosjektet Bergensvassdrag*
- UiB og HiB deltar i samarbeid med m.a. Bergen kommune og Bergen næringsråd om *Vitensenteret*

### **Forskarutdanning**

Gjennom Vestnorsk Nettverk – forskarutdanning har det sidan 2003 vore tilbydd kurs i vitskapsteori på 15, 10 eller 7,5 studiepoeng. Samarbeidet omfattar 6 institusjonar utanom HiB, HSH og HiSF. I tidsrommet 2003-2006 har 102 fullført kursa med godkjent essay, av desse kjem om lag halvparten frå partnarinstitusjonane (HiB, HiSF, HSH). Av dei som har fullført vitskapsteori er om lag 20 % opptekne til PhD-program ved UiB.

Det har elles vore samarbeid om forskarutdanning i lengre tid ved at stipendiatar og andre tilsette ved høgskulane har vore tekne opp til doktorgradsprogram ved UiB med rettleiar frå UiB og som hovudregel birettleiar ved høgskulane:

- 18 tilsette ved Høgskulen i Bergen har avlagt doktorgrad ved Universitetet i Bergen i perioden 2002 – 2006, 6 ved Det psykologiske fakultet, 4 ved MN, 3 ved HF, 3 ved MED og 2 ved SV. 5 tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og 5 tilsette ved ved Høgskulen Stord-Haugesund har avlagt doktorgrad ved UiB.
